



Også i år satsar uskedalingane saman under vignetten SOMMARBYGDA USKEDALEN. Dei som markerar det her er (frå venstre) Gunvor Myklebust (Røysterett for alle), Janne Hjelmeland (Aktivitetshusets Damevenner), Sveinung M. Pile (Festidalen), Magne Huglen (Dønhaug Gjestegard) og Harald Erdal (Uskedal Båtlag). (Foto: Ola Matti Mathisen)

I fjor sommar var det 5.000 på arrangement i Uskedalen og nesten halvparten av dei kom til låvedansar og pubkveldar på Dønhaug Gjestegard. Under sesongopninga med Vassendgutane fredag kveld kjem det 600.

Magne Huglen har for sin del som målsetting å nå opp i minst 3.000 denne sesongen og samla sett er det all grunn til å tru på ein betydeleg auke, seier arrangørane. Også i år legg dei stor vekt på lagspel i marknadsinnsatsen

- Det er framfor alt entusiasmen og idealismen som driv oss. Publikum skal trivast i sommarbygda Uskedalen, seier låvedansbonden som truleg saknar sin likemann på Vestlandet.

Fredag la Uskedalen- arrangørane fram programmet for sesongen og det ser slik ut reint stikkordmessig:

* Dønhaug Gjestegard:

I kveld: Vassendgutane, alle bilettar utseld på to dagar.

Skjærtorsdag: Gil Edwards i kjedlaren for andre gongen, frå USA men busett i Ålesund.

Påskeafta: Helge Nilsen i kjedlaren, ein levande legende i norsk popmusikk.

Laurdag 19. mai: Låvedans med sørlendingen Arly Karlsen med band og lokalbandet EDO.

Laurdag 9. juni: Utekonserert med "Dance with a Stranger", nytt konsept, kanskje med plass til 2.000 på tunet. Men med 1.000 vil konserten gå i balanse.

Laurdag 16. juni: Låvedans med gamle, gode Stavangerensemblen.

Laurdag 14. juli: Låvedans med Pat Savage frå Toronto i Canada og Gil Edwards. Dei har felles band denne kvelden.

Laurdag 18. august: Låvedans med irske Andrea Rice med band, hadde stor suksess same staden i fjor.

Juli/august: To konsertar i kjedlaren med Andrea Rice.

September: Kanskje "Lollipop-konsert" med Helge Nilsen, Rune Larsen og Tor Endresen.

* Festidalen 3. og 4. august, vert halden for femte gong. 1.000 kom i fjor, ikkje nokon talfesta målsetting for i år. Mange lause trådar ennå. Hovudband ennå ikkje engasjert, avheng av sponsorsida. Camping på staden for første gong, forsterka marknadsinnsats mot Odda og Stord.

* Påskedans i Aktivitetshuset med damevennene som arrangør 4. april. Karianne Solheim vokalist med Secret Mood. 200 til stades i fjor.

* Musikalsk vårsprett i Aktivitetshuset 22. april, arrangør damevennene og Røysterett for alle. Koret syng saman

med Halsnøy Strupeband og Tyssedalkoret, også grupper frå kulturskulen. 250 tilhøyrarar i fjor.

* Aktivitetsdag i båthamna 16. juni, 250 kom i fjor. Aktivitetshusets Damevenner arrangerer, meir tilbod for dei minste i år.

* Bøkkerkveld på Rød med opning av ny kai 23. juni.

* Bryggjedans 30. juni med Uskedal Båtlag som arrangør, blir arrangert for tredje gong og EDO spelar også i år. Nesten 500 kom i fjor.

* Tradisjonell museumsdag på Rød 19. august.

- Denne sommaren har Uskedalen styrka sitt positive omdømme utad og vi har styrka vår sjølvtilitt, uttala leiar i Uskedal Utvikling Sveinung M. Pile etter fjorårssesongen. Han slo fast at det hadde vore lagt for dagen ein enorm dugnadsinnsats. Den blir ikkje mindre i år.

Av Ola Matti Mathisen



Blir det like god oppslutnad om den musikalske vårspretten i Aktivitetshuset i år som i fjor? (Foto: Ola Matti Mathisen)